



Måndag kveld er det full fart att med trimmen og det startar med step-jentene. Dette biletet av dei vart teke i slutten av januar i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi ynskjer og har mogelegheiter for å starta ei eiga trimgruppe for dei minste ungene, dei opp til tre år. Men vi er usikre på interessa, seier leiar Hege Lekva i Uskedalen turngruppe til uskedalen.no. Viss det faktisk er interesse, vil gruppa ha tilbakemelding på dette.

Hege ynskjer at dei som vil ha ei slik gruppe anten ringer henne på 98807713 eller tar kontakt med nokre andre i styret. Dei er Janne Hjørnevåg, Merete Haugen Røstbø, Elin Enes eller Anne-Grete Sjo. Viss gruppa startar opp, treng dei ein eller fleire til å ha ansvar kvar gong.

Trimmen startar elles opp att måndag kveld med step og onsdag er det full rulle: Seniortrim først, så barnetrim 3-6 år, idrettsskule for 1.-4. klasse, aerobic for 3.-7. klasse og til slutt aerobic for dei som er eldre enn dette.

Hege Lekva opplyser at gruppa også er på utkikk etter ein ny aerobic-trenar slik at fleire kan dela på denne jobben. Viss nokon har spørsmål om dette, kan dei ta kontakt med henne. Det er også moglegheiter for kurs.

Av Ola Matti Mathisen